

Rapport frå kartlegging av parallelspråkbruken ved HVL

22. september 2020

Innhald

Innleiing.....	3
Bakgrunn og formål:	4
HVL sine språkpolitiske retningslinjer	4
Arbeidsgruppe og mandat	5
Mandat	5
Arbeidsgruppa si tolking av mandatet:	6
Om rapporten	6
Pensumlitteratur	7
Språk i pensumlitteratur for HVL samla.....	8
Språk i pensumlitteratur for Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS).....	9
Språk i pensumlitteratur ved Fakultet for ingeniør- og naturvitskap (FIN)	12
Språk i pensumlitteratur ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI)	15
Språk i pensumlitteratur ved Fakultet for økonomi og samfunnsfag (FØS)	17
Oppsummering:	19
Undervisning	20
Val av undervisningsspråk ved HVL	21
Undervisningsspråk fordelt på fakultet og institutt ved FHS.....	22
Undervisningsspråk fordelt på fakultet og institutt ved FIN.....	23
Undervisningsspråk fordelt på fakultet og institutt ved FLKI	24
Undervisningsspråk fordelt på fakultet og institutt ved FØS.....	25
Undervisningsspråk for emne på ph.d.-nivå	26
Oppsummering:	27
Forskning og formidling.....	28
Alle publikasjonar fordelte på fakultet	29
Alle publikasjonar i 2019 ved FHS.....	29
Alle publikasjonar i 2019 ved FIN.....	30
Alle publikasjonar i 2019 ved FLKI	31
Alle publikasjonar i 2019 ved FØS.....	31
Oppsummering	32
Avslutning og vidare arbeid	33

Innleiing

I universitets- og høgskulesektoren får engelsk ein stadig større plass i mellom anna forskinga, undervisninga og formidlinga. Samstundes har sektoren eit lovpålagt ansvar for å utvikle og vedlikehalde det norske fagspråket. I Noreg (og Norden) er strategien for å møte dette motstridande presset å arbeide etter eit prinsipp om parallellspråk, der ein *både* satsar på bruken av nasjonalspråket og engelsk i akademisk samanheng¹.

I HVL sine språkpolitiske retningslinjer står parallellspråk sentralt. I møtet 24. januar 2020 vedtok Språkpolitisk utval ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) å sette i gang eit arbeid med å kartlegge parallellspråkbruken ved høgskulen.

I den nordiske språkdeklarasjonen² er parallellspråkbruk definert som samtidig bruk av fleire språk innanfor eitt eller fleire område, på ein slik måte at det eine språket ikkje slår ut og erstattar det andre. I stortingsmeldinga Mål og meining skriv Kultur- og kyrkjedepartementet at ein parallellspråkstrategi «inneber at norsk og engelsk må kunna brukast side om side, men slik at norsk blir verande det føretrekte språket. Norsk skal då brukast dersom det ikkje er nødvendig eller formålstenleg å bruka engelsk i staden»³.

I tildelingsbrevet for 2020 frå Kunnskapsdepartementet, datert 18.12.2019⁴, er også språk ein av kategoriane:

4.2.5 Norsk språk

Universitetene og høyskolene har et lovpålagt ansvar for norsk som fagspråk, og institusjonene skal ha egne språkstrategier. Internasjonaliseringen av forskningen og økt bruk av engelsk gjør det nødvendig at institusjonene har en strategisk tilnærming til denne problemstillingen. Departementet vil i løpet av 2020 ta initiativ til en gjennomgang av institusjonenes språkstrategier. Institusjonene og virksomhetene er pålagt å følge målloven. Også i 2019 påpekte Språkrådet at et flertall av UH-institusjonene ikke innfrir kravene om at begge målformene skal være representert med minst 25 pst. Departementet ber om at UH-institusjonene følger opp og setter inn nødvendige tiltak. Vi minner om at forslag til ny språkløve har vært på høring høsten 2019, og at regjeringen legger frem en Språkmeldingen våren 2020.

For å kunne ha ei strategisk tilnærming til parallellspråksituasjonen ved HVL, er det behov for å kartlegge bruken av norsk og engelsk i høgskulen sine kjerneaktivitetar. Språkrådet har anbefalt at

¹ <https://www.regjeringen.no/contentassets/92c0cb2b20ba4d2aac3c397c54046741/nn-no/pdfs/prp201920200108000dddpdfs.pdf>

² <https://www.norden.org/no/node/6978>

³ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-35-2007-2008-/id519923/?ch=1>

⁴ <https://www.regjeringen.no/contentassets/7ee6c83853d94c7eb8a86d9270245ca0/tildelingsbrev-2020--for-hogskulen-pa-vestlandet.pdf>

UH-institusjonane ser nærare på tre område for parallellspråkbruk: pensumlitteratur, undervisning og vitenskapleg publisering⁵.

Bakgrunn og formål:

Høgare utdanning og forskning vert i aukande grad internasjonalisert. Det er ei uttalt forventning om at forskinga og undervisninga ved HVL skal vere på høgt internasjonalt nivå. Talet på utanlandske tilsette og studentar ved høgskulen er aukande, og fleire tilsette enn før har internasjonal bakgrunn og kompetanse. Mange forskingsprosjekt er baserte på internasjonalt samarbeid. Høgskulen har tatt mål av seg å tilby fleire studium på engelsk, og fortrinnsvis masterutdanningar.

Kunnskapsdepartementet krev også at vi skal auke den internasjonale mobiliteten både blant tilsette og studentar.

HVL sine språkpolitiske retningslinjer

Høgskulestyret ved HVL vedtok våren 2018 eit sett med ambisiøse språkpolitiske retningslinjer for høgskulen. I innstillinga til retningslinjene blir det framheva at dei språkpolitiske retningslinjene for HVL er «utforma med tanke på at høgskulen skal kunne vere eit språkleg føredøme for norske universitet og høgskular når det gjeld god og rett bruk av språket; særleg nynorsk, men òg bokmål og teiknspråk. Høgskulen ønskjer dessutan å finne ein god balanse mellom bruken av norsk og det viktigaste parallellspråket, engelsk, både når det gjeld utdanning, forskning og formidling»⁶.

Det er naturleg at kunnskapsgrunnlaget arbeidsgruppa arbeider fram blir sett i lys av HVL sine eigne språkpolitiske retningslinjer. I denne samanhengen vil følgande deler av retningslinjene vere mest aktuelle:

Utdrag frå Språkpolitiske retningslinjer for HVL (våre utehevingar)⁷:

- *I tråd med «lov om universiteter og høyskoler» ønskjer Høgskulen på Vestlandet å **ta ansvar for utvikling av eit godt og høveleg norsk fagspråk** innanfor dei faglege hovudområda våre.*
- **Norsk, nynorsk og bokmål, skal vere det sentrale undervisningsspråket** ved HVL. Det gjeld på alle nivå. Der det høver, kan dansk, svensk eller teiknspråk nyttast i undervisninga.
- **Undervisninga i bachelorutdanningane ved HVL skal i det alt vesentlege vere på norsk**, med unntak av undervisning i språkfag utanom norsk. Bacheloroppgåver skal normalt skrivast på norsk, med eit samandrag på engelsk.
- **Undervisning på engelsk er avgrensa til kurs og program der det er naturlege grunnar til å undervise på engelsk**; som når læraren ikkje beherskar norsk, når undervisninga inngår i kurs innanfor ramma av HVL sitt internasjonale samarbeid o.l.

⁵ <https://khrono.no/fagsprak-meninger-sprakradet/slik-bor-sektoren-ta-tempen-pa-fagspraket/295628>

⁶ <https://www.hvl.no/contentassets/c324ebb8c3f2457184703f961f64d726/sprakpolitiske-retningslinjer-hvl---innstilling-fra-arbeidsgruppa---.pdf>

⁷ <https://www.hvl.no/om/sentrale-dokument/reglar/sprakpolitiske-retningslinjer/>

- **Også i masterutdanningane skal det vesentlege av undervisninga skje på norsk, unnateke undervisning i språkfaga utanom norsk. Fakulteta kan likevel avgjere at nokre kurs eller studieprogram heilt eller delvis skal verte haldne på engelsk.**
- **På høgskulens ph.d.-utdanningar er det rimeleg at delar av undervisninga skjer på engelsk. Dette både fordi mange av studentane er ikkje-nordiske, og fordi norske ph.d.-studentar treng god kjennskap til engelske faguttrykk og språk på dei aktuelle felta. På ph.d.-kurs der det berre er skandinavisk-språklege studentar og lærar(ar), skal undervisningsspråket normalt vere norsk (skandinavisk).**
- **Fagfolk/forskarar ved HVL skal oppmuntrast til å arbeide med å utvikle og utarbeide norsk terminologi innanfor sine akademiske felt, og å kommunisere denne til studentane og til ålmenta. Forskarar skal òg oppmuntrast til å omsetje utanlandske verk/arbeid og faglitteratur til norsk.**
- **Høgskulen skal òg oppfylle samfunnsoppdraget om å spreie og formidle forskingsresultat ved å stimulere til presentasjon av relevant forskingsbasert kunnskap på norsk gjennom ulike kommunikasjonskanalar.**

Arbeidsgruppe og mandat

Språkpolitisk utval vedtok i møtet 24. januar 2020 å oppnemne ei arbeidsgruppe for kartlegging av parallellspråkbruken ved HVL. Arbeidsgruppa er sett saman av medlemmer frå ulike administrative einingar ved høgskulen:

- Siren Erichsen (Avdeling for HR)
- Kåre Johan Mjør (Biblioteket)
- Tiril Elise Strand Johnsen (Avdeling for forskning, internasjonalisering og innovasjon)
- Bente Sønsthagen (Avdeling for utdanningskvalitet)
- Marie Charlotte M. Kettunen (Nestleiar i Studenttinget på Vestlandet)

Sekretær: Elin Espe Stensvand (Språkpolitisk utval, Avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt)

Svein Ove Eikenes (leiar for Avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt) har også bidratt til arbeidet med rapporten.

Mandat

Arbeidsgruppa fekk følgande mandat:

1. Arbeidsgruppa skal kartlegge bruken av norsk og engelsk (parallellspråkbruken) i undervisning, pensumlitteratur og formidling ved HVL.
2. Arbeidet (kunnskapsgrunnlaget + problemstillingar/utfordringar for organisasjonen), skal leggast fram for Språkpolitisk utval som eiga sak i september 2020.

Arbeidsgruppa si tolking av mandatet:

Arbeidsgruppa har sett på tre parallellspråkbruksområde: pensumlitteratur, undervisning og formidling, slik Språkrådet tilrår. Denne avgrensinga er også gjort av praktiske omsyn, sidan arbeidsgruppa har hatt ein relativt kort tidsfrist for å levere rapporten. Rapporten er difor ikkje ein fullstendig gjennomgang av parallellspråksituasjonen ved HVL, men eit utgangspunkt for vidare arbeid med problemstillinga.

Parallellspråkbruk, som er temaet for denne rapporten, har ikkje tidlegare har blitt undersøkt ved HVL, og så vidt arbeidsgruppa kjenner til er det heller ikkje gjort så mykje tilsvarende arbeid ved andre norske UH-institusjonar. Arbeidsgruppa har vore i kontakt med Språkrådet, som heller ikkje kjenner til at det er blitt gjort liknande undersøkingar, utanom ei kartlegging ved NHH i 2017⁸.

Denne rapporten er ei oppsummering av tala vi har på parallellspråkbruken ved enkelte språkbruksområde ved høgskulen i dag, men den er ikkje ein fullstendig gjennomgang av temaet. Rapporten er deskriptiv, og beskriver altså eit talmateriale. Arbeidsgruppa har ikkje gjort vurderingar av kva som er riktig eller uriktig praksis når det gjeld bruken av engelsk og norsk. Sidan HVL har eit sett med språkpolitiske retningslinjer, har det likevel vore naturleg for arbeidsgruppa å sette talmaterialet opp mot desse retningslinjene.

Om rapporten

Denne rapporten har tre hovuddelar: språk i pensumlitteratur, undervisningsspråk og språk i formidling.

I kvar hovuddel blir det presentert eit talmateriale, henta frå det aktuelle språkbruksområdet. I dei to første delane (pensumlitteratur og undervisningsspråk) er det først ei oversikt over tal for heile HVL, og deretter for institutta ved kvart fakultet. Tala er henta frå tidsspennet 2018 til 2020.

I den tredje delen (publisering) er tala presenterte for HVL samla, og deretter for kvart fakultet. I denne kategorien blir det berre presentert tal for 2019.

Alle tala som blir presenterte i rapporten er på eit relativt overordna nivå, og rapporten vil ikkje gå inn på detaljar ved enkeltinstitutt, studieprogram eller emne.

Rapporten har også ein avsluttande del der talmaterialet frå hovuddelane av rapporten blir sett opp mot dei språkpolitiske retningslinjene til HVL.

⁸ I NHH-rapporten «Parallellspråk» frå 2017 blei det brukt spørjeskjema for å kartlegge språkbruken blant vitenskaplege og teknisk-administrativt tilsette og studentar ved institusjonen. Spørsmåla i undersøkinga gjaldt til dømes språk i undervisningssituasjonar, i møte og i administrative tekstar. Rapporten er tilgjengeleg frå Språkrådet sine sider: <https://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Forskning-og-hogre-utdanning/parallellsprakbruk-i-universitets--og-hogskolesektoren/>

Pensumlitteratur

Lærebøker og andre læremiddel er blant det viktigaste språkbruksområdet i UH-sektoren, fordi dei introduserer studentane til fagspråket. Fordi den er skriftleg, forvaltar i praksis den kvalitetssikra pensumlitteraturen fagspråket frå kull til kull av studentar, og gir ein stabilitet til fagspråket⁹.

Tala i undersøkinga av språket i pensumlitteratur er henta inn frå pensumlistesystemet Leganto og viser kva språk pensumbøker, og utdrag frå pensumbøker, er skrivne på. Vi har ikkje hatt tilgang til språket i tidsskriftartiklar, nettressursar og anna pensumlitteratur, som vi reknar med også blir brukt i undervisninga ved HVL. Rapporten er skriven med utgangspunkt i dei tala vi har hatt tilgjengeleg, så det reelle biletet ved høgskulen kan difor vere noko annleis.


Tala som blir brukt i rapporten viser semestervise emne, og ikkje emne som går over fleire semester. Kategoriane som blir brukte i rapporten, er «norsk», «engelsk» og «andre» (primært skandinaviske språk, men også fleirspråklege titlar, som til dømes ein kombinasjon av nynorsk og bokmål).

⁹ <https://khrono.no/fagsprak-meninger-sprakradet/slik-bor-sektoren-ta-tempen-pa-fagspraket/295628>

Språk i pensumlitteratur for HVL samla

Diagram 1 viser den prosentvise fordelinga av pensumspråk dei fire siste semestra ved heile HVL.

Diagram 1 – Språk i pensumlitteratur ved HVL



Som ein kan sjå i diagram 1, er det stor overvekt av norsk pensumlitteratur ved HVL som heilskap. Tala for dei siste semestra, viser at om lag 70 prosent av all pensumlitteraturen som blir brukt er på norsk, og tala er stabile. Tidsspennet vi har undersøkt er såpass kort at det likevel ikkje er mogleg å trekke konklusjonar om utviklinga over tid.

Sjølv om HVL samla sett har ei stor overvekt av pensumlitteratur på norsk, er det likevel store variasjonar mellom dei ulike fakulteta og institutta. Dette vil vi kome nærare inn på vidare i rapporten.

Språk i pensumlitteratur for Fakultet for helse- og sosialvitenskap (FHS)

FHS er det nest største fakultetet ved HVL, med om lag 4900 studentar fordelt på alle fem campusar. Sjukepleie er det største studieprogrammet ved fakultetet.

Fakultetet har tre institutt:


- **Institutt for helse- om omsorgsvitenskap**, som har bachelorprogrammet *sjukepleie*, i tillegg til vidareutdanningane/masterprogramma *helsesjukepleiar, anestesijukepleiar, barnesjukepleiar, diabetessjukepleiar, intensivsjukepleiar, operasjonssjukepleiar, kardiologisk sjukepleiar og jordmorfag*. Instituttet har om lag 2800 studentar (2019)¹⁰ og rundt 220 tilsette (inkludert stipendiatar)¹¹.
- **Institutt for velferd og deltaking**, som har bachelorprogramma *barnevern, sosialt arbeid og vernepleie*, i tillegg til vidareutdanningane/masterprogramma *psykisk helse og rus og samfunnsarbeid*. Instituttet har om lag 1200 studentar og rundt 100 tilsette.
- **Institutt for helse og funksjon**, som har bachelorprogramma *ergoterapi, radiografi, fysioterapi*, og dei tre masterprogramma *klinisk fysioterapi, Healthy ageing and Rehabilitation og kunnskapsbasert praksis*. Instituttet har om lag 450 studentar og rundt 90 tilsette.

¹⁰ Tala er henta frå Database for statistikk for høgare utdanning: <https://dbh.nsd.uib.no/statistikk/>

¹¹ Tala er henta frå oversikta over tilsette på hvl.no

Diagram 2 viser at nær 80 prosent av all pensumlitteratur ved fakultetet alle dei fire siste semestra har vore på norsk. Frå 2018 til 2020 har dette talet halde seg stabilt.


Diagram 2 – Språk i pensumlitteratur ved FHS



Ei stikkprøve på instituttnivå for vårsemesteret 2020 (diagram 3), viser at Institutt for helse- og omsorgsvitenskap har over 80 prosent av pensumlitteraturen på norsk, og at Institutt for velferd og deltaking knapt har pensumlitteratur på engelsk. Institutt for helse og funksjon skil seg ut; her er det om lag like mykje pensumlitteratur på engelsk som på norsk.

Dette instituttet har, som nemnt, bachelorutdanningane *ergoterapi*, *radiografi* og *fysioterapi*, og masterutdanningane *klinisk fysioterapi*, *kunnskapsbasert praksis* og *Healthy Ageing and Rehabilitation*. Sistnemnde studium har berre engelske studieemne, og dette kan difor kanskje i nokon grad forklare kvifor instituttet skil seg såpass mykje ut. Vi har ikkje hatt moglegheit til å gå gjennom pensumlistene til kvart enkeltemne på instituttet, og kan difor ikkje seie i kor stor grad dette masterprogrammet påverkar det totale talet. Det er likevel lite truleg at dette forklarar heile biletet.

Diagram 3 – Språk i pensumlitteratur ved FHS-institutta våren 2020



Språk i pensumlitteratur ved Fakultet for ingeniør- og naturvitenskap (FIN)

FIN er det tredje største fakultetet ved HVL, med om lag 3000 studentar, fordelt på Førde, Sogndal, Bergen og Haugesund. Byggingeniørutdanninga er den største utdanninga på fakultetet. I 2019 blei gjekk FIN gjennom ei omorganisering, der dei fekk færre og større institutt. FIN har no fem institutt, i tillegg til dukkarutdanninga:

- **Institutt for byggfag**, som har bachelorprogramma *byggingeniør* og *landmåling og eigedomsdesign* og masterutdanninga *areal og eigedom*. Instituttet har om lag 600 studentar og rundt 40 tilsette.
- **Institutt for datateknologi, elektroteknologi og realfag**, som har bachelorprogramma *dataingeniør*, *automatisering med robotikk*, *elektronikkingeniør*, *elkraftteknikk*, *informasjonsteknologi* og *cyberingeniør*, masterutdanninga *programvareutvikling* og doktorgradsprogrammet *Computer Science*. Instituttet har om lag 900 studentar og rundt 140 tilsette.
- **Institutt for maskin- og marinfag**, som har bachelorprogramma *energiteknologi*, *havteknologi*, *marinteknikk*, *maskiningeniør* og *produksjonsteknikk*, og masterprogramma *energiteknologi*, *havteknologi* og *undervasssteknologi*. Instituttet har om lag 600 studentar og rundt 50 tilsette.
- **Institutt for miljø- og naturvitenskap**, som har semesterprogramma *Geohazards and Climate Change* og *From Mountain to Fjord*, bachelorprogramma *fornybar energi*, *geologi* og *geofare* og *landskapsplanlegging med landskapsarkitektur*, og masterprogrammet *Climate Change Management*. Instituttet har om lag 300 studentar og rundt 50 tilsette.
- **Institutt for sikkerheit, kjemi- og bioingeniørfag**, som har bachelorprogramma *bioingeniør*, *branningeniør*, *kjemiingeniør* (*akvakultur*, *miljø- og prosessteknologi*) og *kvalitets- og HMS-ingeniør*, vidareutdanninga *medisinske laboratorieanalysar* og masterprogrammet *brannsikkerheit*. Instituttet har om lag 350 studentar og rundt 70 tilsette.
- **Dukkarutdanninga** er ei fagskuleutdanning, som har kursa *yrkesdykking (eitt år heiltid)*, *yrkesdykkerkurs klasse A* og *redningsdykkerkurs (ni veker)*

Diagram 4 – Språk i pensumlitteratur ved FIN





Diagram 4 viser at FIN samla har hatt ei utvikling i retning av mindre norsk og meir engelsk pensumlitteratur frå 2018 til 2020. Hausten 2018 var talet på norsk pensumlitteratur nærare 60 prosent, medan det våren 2020 var om lag like mykje engelsk pensumlitteratur som norsk ved fakultetet. Dei to siste semestra har det altså vore ei lita overvekt av engelsk pensumlitteratur ved FIN-fakultetet samla.

Diagram 5 – Språk i pensumlitteratur ved FIN-institutta våren 2020



Stikkprøva på dei ulike institutta ved FIN, viser relativt store variasjonar. Fire av institutta har ei overvekt av norsk pensumlitteratur. Institutt for maskin- og marinfag har det høgste talet for norsk pensumlitteratur, med om lag 70 prosent. Likevel har alle institutta ved FIN eit høgare tal på engelsk pensumlitteratur enn HVL samla. Institutt for datateknologi, elektroteknologi og realfag skil seg ut

ved at dei har ei klar overvekt av engelsk pensumlitteratur (rundt 70 prosent). Dette instituttet har bachelorutdanningane *Automatisering med robotikk, dataingeniør, elektronikingeniør, elkraftteknikk, informasjonsteknologi og cyberingeniør*, og masterutdanninga *programvareutvikling*. Både bachelorprogrammet i informasjonsteknologi og masterprogrammet i programutvikling har mykje av undervisninga på engelsk. Dette gjeld også for ph.d.-utdanninga *Computer Science*. Vi kjem tilbake til dette under undervisningsspråk, litt seinare i rapporten.

Språk i pensumlitteratur ved Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett (FLKI)

FLKI er det største fakultetet ved HVL, med om lag 6000 studentar, fordelt på campusane i Bergen, Sogndal og Stord. Grunnskulelærerutdanningane er dei største utdanningane på fakultetet. FLKI har fire institutt:

- Institutt for idrett, kosthald og naturfag
- Institutt for kunstfag
- Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag
- Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking

FLKI har ein annan struktur enn dei andre fakulteta, der utdanningsprogramma er tverrgående, og vi har difor også valt å ikkje knytte programma til institutta her. På grunn av organiseringa har det også vore utfordrande å hente ut eksakte tal på studentar ved dei ulike institutta og studieprogramma. Vi har difor valt å berre gi det totale talet på studentar ved fakultetet¹²

Diagram 6 – Språk i pensumlitteratur ved FLKI





Diagram 6 viser at det er ei klar overvekt av norsk pensumlitteratur ved FLKI samla, rundt 70 prosent av pensumlitteraturen ved fakultetet har vore på norsk i alle fire semestera som er undersøkt.

¹² Talet på studentar fordelt på studieprogram og fakultet er tilgjengeleg i Database for statistikk for høgare utdanning: <https://dbh.nsd.uib.no/statistikk/>

Diagram 7 – Språk i pensumlitteratur ved FLKI-institutta våren 2020



Stikkprøva for dei ulike institutta ved FLKI (diagram 7) viser at ved tre av institutta, *Institutt for idrett, kosthald og naturfag*, *Institutt for kunstfag* og *Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag*, er tala for norsk pensumlitteratur på over 70 prosent. *Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking* skil seg ut med rundt 50 prosent av pensumlitteraturen på norsk og over 30 prosent av pensumlitteraturen på engelsk. Sidan alle språkfaga ved høgskulen er lagt til dette instituttet, er dette likevel eit forventa resultat. Instituttet tilbyr til dømes eit årsstudium i engelsk.

Språk i pensumlitteratur ved Fakultet for økonomi og samfunnsfag (FØS)

FØS er det minste fakultetet ved HVL, med om lag 2000 studentar fordelt i Bergen, Haugesund og Sogndal. Utdanninga i økonomi og administrasjon er den største på fakultetet. FØS har tre institutt:

- **Institutt for økonomi og administrasjon**, som har semesterprogrammet *Sustainable Economics, Management and Innovations (SEMI)*, årsstudiuma i jus og logistikk, bachelorprogram i økonomi og administrasjon, eigedomsmekling, reiselivsleiing, økonomi og jus og natur- og opplevingsbasert reiseliv, og masterprogramma *innovasjon og leiing* og *Master of Science in Business*. Instituttet har om lag 1500 studentar og rundt 100 tilsette.
- **Institutt for samfunnsvitenskap**, som har årsstudiuma *ungdomssosiologi*, *samfunnsfag*, *historie* og *historie (nettstudium)*, bachelorprogramma *sosiologi/ungdomssosiologi*, *historie* og *historie (nettstudium)*, og masterprogrammet *organisasjon og leiing*. Instituttet har om lag 400 studentar og rundt 30 tilsette.
- **Institutt for maritime studium**, som har bachelorprogramma *nautikk*, *nautikk y-veg* og *maritime management*, masterprogrammet *maritime operasjonar* og doktorgradsprogrammet *nautiske operasjonar* (fellesgrad saman med UiT, USN, NTNU). Instituttet har om lag 200 studentar og rundt 30 tilsette.

Diagram 8 – Språk i pensumlitteratur ved FØS





Diagram 8 viser at det i hovudsak er norsk pensumlitteratur som blir nytta på FØS som heilskap, med opp til over 80 prosent på norsk.

Diagram 9 – Språk i pensumlitteratur ved FØS-institutta våren 2020



Stikkprøven i diagram 9 viser noko variasjon mellom institutta, med Institutt for samfunnsvitenskap med det lågaste talet på norsk pensumlitteratur på fakultetet. Dette instituttet har likevel over 60 prosent på norsk og om lag 30 prosent på engelsk.

Oppsummering:

Sjølv om HVL samla sett har ei klar overvekt av norsk pensumlitteratur, er det store variasjonar mellom både fakulteta og institutta. Ved enkelte institutt er det ei overvekt av engelsk pensumlitteratur, og ved nokre få er det nesten berre engelsk pensumlitteratur.

FIN er fakultetet med høgast rapportert tal på engelsk pensumlitteratur og lågast tal på norsk pensumlitteratur. Her kan det likevel vere greitt å understreke at FIN berre har halvparten så mange studentar som FLKI, som er det største fakultetet. Det nest største fakultetet på HVL, FHS, er det fakultetet som har mest norsk pensumlitteratur, og minst engelsk pensumlitteratur.

Undervisning


Tala er henta frå Felles studentsystem (FS) og viser undervisningsspråk fordelt på fakulteta og institutta ved HVL. I FS er norsk satt som standardinnstilling på undervisningsspråk, så dersom ein ikkje aktivt går inn og endrar på dette, vil emnet bli registrert med norsk som undervisningsspråk. Det er difor mogleg at tala på engelsk reelt er høgare enn det som går fram av tala i denne rapporten. I tillegg vil det sjølvsagt kunne vere skilnad mellom det planlagde undervisningsspråket, og førelesarane sine faktiske språkval. Våre tal viser berre kva undervisningsspråk som er meldt inn på førehand, ikkje det som faktisk blir brukt i undervisninga. Undersøkinga skil også berre mellom norsk og engelsk som undervisningsspråk.

I denne undersøkinga har vi av praktiske årsaker ikkje hatt tilgang til talmateriale på ulike nivå av utdanningsløpet. Undersøkinga vår viser derfor alle nivåa på dei ulike fakulteta og institutta samla, frå bachelornivå til ph.d.-nivå. På eit seinare tidspunkt kan det vere aktuelt med ei nærare undersøking av undervisningsspråk på alle nivå, for å sjå korleis utviklinga kan vere gjennom eit heilt utdanningsløp.

Val av undervisningsspråk ved HVL

Diagram 10 viser den prosentvise fordelinga av undervisningsspråk dei tre siste åra ved heile HVL. Ut i frå desse tala, ser det ut til at undervisninga ved HVL i hovudsak går for seg på norsk. Vi kan likevel sjå at det er ei lita auke i bruk av engelsk som undervisningsspråk over tre år. På HVL som heilskap har talet auka frå i underkant av 15 prosent i 2018 til vel 18 prosent i 2020.

Diagram 10 – Undervisningsspråk ved HVL samla




Undervisningsspråk fordelt på fakultet og institutt ved FHS

I diagram 11 kan vi sjå at det rapporterte undervisningsspråket ved FHS i all hovudsak er norsk. Talet på engelsk har auka noko på tre år, frå i underkant av 9 prosent i 2018 til vel 11 prosent i 2020.

Institutt for helse og funksjon har dei to siste åra hatt noko meir undervisning på engelsk enn dei andre institutta på fakultetet, med i underkant av 20 prosent av undervisninga på engelsk. Det er grunn til å tru at dette heng saman med resultatata frå undersøkinga av pensumlitteraturen, der Institutt for helse og funksjon hadde ein vesentleg høgare engelskprosent enn dei andre to institutta.

Diagram 11 – undervisningsspråk ved FHS



Undervisningsspråk fordelt på fakultet og institutt ved FIN

Som vi kan sjå i diagram 12, har fleirtalet av institutta ved FIN norsk som det dominerande registrerte undervisningsspråket. På FIN som heilskap, har talet på engelsk som undervisningsspråk auka frå vel 28 prosent i 2018 til vel 32 prosent i 2020.


To av institutta har eit spesielt høgt tal på emne med engelsk som registrert undervisningsspråk.

Institutt for miljø- og naturvitskap og Institutt for datateknologi, elektroteknologi og realfag har ein betydeleg høgare del av undervisninga på engelsk enn dei andre institutta, med høvesvis om lag 40 og 50 prosent engelsk.

Institutt for miljø- og naturvitskap har to engelskspråklege emne for utvekslingsstudentar, og tre bachelorprogram der eitt emne er engelskspråkleg. I tillegg har dei eit engelskspråkleg masterprogram.

Institutt for datateknologi, elektroteknologi og realfag har, som nemnt i førre del av rapporten, ei ph.d.-utdanning med berre engelske emne, i tillegg til eit bachelorprogram i informasjonsteknologi med 50 prosent av emna med engelsk som registrert undervisningsspråk og eit masterprogram i programutvikling med 80 prosent av emna registrerte med engelsk som undervisningsspråk.

Diagram 12 – undervisningsspråk ved FIN




Undervisningsspråk fordelt på fakultet og institutt ved FLKI

I diagram 13 ser vi at det aller meste av undervisninga på tre av institutta ved FLKI går føre seg på norsk. Talet på engelsk som undervisningsspråk har gått frå vel 10 prosent i 2018 til 14 prosent i 2020.

Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking skil seg ut ved å ha meir undervisning på engelsk. Her er det om lag 30 prosent undervisning på engelsk. Dette samsvarar med funna i pensumgjennomgangen.

Vi ser også at det ved institutt for kunstfag er ei relativt markant auke i bruk av engelsk som undervisningsspråk dei siste tre åra, frå vel 7 til 14 prosent. Instituttet har mellom anna det engelskspråklege bachelorprogrammet Community arts, som var nytt i 2020.

Diagram 13 – undervisningsspråk ved FLKI




Undervisningsspråk fordelt på fakultet og institutt ved FØS

Ved FØS som heilskap har talet på engelsk som registrert undervisningsspråk auka frå vel 17 prosent i 2018 til i underkant av 21 prosent i 2020.

Vi kan sjå i diagram 14 at det er stor variasjon i dei registrerte undervisningsspråka ved dei tre institutta ved FØS. Ved Institutt for samfunnsvitenskap har all undervisning dei siste tre åra blitt registrert med norsk som undervisningsspråk. Ved Institutt for maritime studier er det registrert at halvparten av all undervisninga dei siste tre åra har vore på engelsk. Her kan det vere verdt å merke seg at tala frå gjennomgangen av språket i pensumlitteraturen viste at over 80 prosent av pensumlitteraturen på same institutt var på norsk.

Diagram 14 – undervisningsspråk ved FØS




Undervisningsspråk for emne på ph.d.-nivå

I diagram 15 har arbeidsgruppa valt å ta med ei oversikt over registrert undervisningsspråk i emne på ph.d.-nivå.

Fleire av ph.d.-programma har blitt akkrediterte i løpet av perioden som er undersøkt, så det er difor ikkje mogleg å gå nærare inn på ei reell utvikling her. Men vi ser at det generelt er eit høgt tal på engelsk som undervisningsspråk på emna på dette nivået.

Diagram 15 – undervisningsspråk på ph.d.-nivå



Oppsummering:

Vi kan sjå at det ei lita auke i bruk av engelsk som undervisningsspråk over tre år. Dette gjeld både for HVL som heilskap, og for alle fakulteta.

Sjølv om norsk er det dominerande undervisningsspråket, er det store variasjonar både på fakultets- og instituttnivå ved høgskulen. Ved enkelte institutt går svært lite av undervisninga for seg på engelsk, medan andre institutt har opptil halvparten av undervisninga på engelsk.

På ph.d.-nivå går størsteparten av undervisninga for seg på engelsk, noko som kanskje er forventa.

Det er vanskeleg å seie noko sikkert om utviklinga med eit så kort tidsintervall som vi har undersøkt her. Det vil difor kunne vere hensiktsmessig å gjennomføre ei liknande undersøking på eit seinare tidspunkt.

Forsking og formidling

Tala under er henta frå Cristin, som er den nasjonale databasen for registrering av forskingsresultat.

Diagramma viser den prosentvise fordelinga mellom norsk og engelsk og «andre språk» i publikasjonar ved HVL-institutt og senter for året 2019.

I undersøkinga har arbeidsgruppa sett på kategorien «alle publikasjonar». Det vil seie at det ikkje berre er poenggjevande publikasjonar innanfor «vitskaplege publikasjonar» (tellekantsystemet), der ein kan forvente at engelsknivået er høgt. For bruk og utvikling av norsk som fagspråk er formidlande sjangrar for akademisk publisering – lærebøker/fagbøker, populærvitskaplege publikasjonar – viktige, sjølv om kriteria som ligg til grunn for «teljekantsystemet» (vitskaplege publikasjonar) klassifiserer dei som «ikkje poenggjevande».

Sidan registrering av ikkje-teljande publikasjonar i Cristin ikkje er rekna som obligatorisk, men i større grad opp til den enkelte forskaren, kan det vera underrapportering i Cristin-tala.


På eit seinare tidspunkt kan det vere aktuelt å gjere ei undersøking der ein skil mellom «vitskaplege publikasjonar» og «alle publikasjonar» og ser på utviklinga over tid. Det vil også kunne vere interessant å sjå på tala på instituttnivå, noko arbeidsgruppa ikkje har hatt høve til i denne omgang.

Sjølv om vi no kartlegg mellom anna språket i vitskapleg publisering ved HVL, er det viktig å understreke at det ikkje er eit mål at mest mogleg av HVL si vitskaplege publisering skal skje på norsk. Forskinga er internasjonal og treng eit internasjonalt publiseringsspråk. Det er likevel nyttig med meir kunnskap om språkval i vitskapleg publisering. Ved å vere bevisst på språksituasjonen, og få meir kunnskap om korleis det ligg an ved HVL, er det mogleg å få eit betre grunnlag for å til dømes kunne finne ut om språkvala i vitskapleg publisering også verkar inn på språkvala i undervisninga og pensumlitteraturen. I tillegg er det grunn til å tru at publiseringsspråk også påverkar fagterminologien som er i bruk innan eit fagfelt.

Alle publikasjonar fordelte på fakultet

Diagram 16 viser at i 2019 vart det publisert meir på engelsk enn på norsk ved tre av fire fakultet ved HVL. FLKI skil seg ut, ved at dei har fleire publikasjonar på norsk enn på engelsk. I andre enden av skalaen er FIN, som har vel 90 prosent av alle publikasjonane sine på engelsk.


Diagram 16 - Alle publikasjonar i 2019 fordelte på fakultet



Alle publikasjonar i 2019 ved FHS

Tala i diagram 17 viser at det er variasjon mellom institutta (og sentra) ved FHS også når det gjeld publiseringsspråk. Institutt for velferd og deltaking er dei einaste som har ei overvekt av publikasjonar på norsk, medan det ved dei andre institutta blir publisert mest på engelsk. Institutt for helse og funksjon og senter for kunnskapsbasert praksis skil seg ut, med ein engelsk publiseringssprosent på over 80 prosent.


Diagram 17 – Alle publikasjoner i 2019 ved FHS



Alle publikasjoner i 2019 ved FIN

Diagram 18 viser at det er engelsk som er det dominerende publikasjonsspråket ved FIN. Ved institutt for datateknologi er under fem prosent av publikasjonene på norsk. Institutt for byggfag er derimot det eneste instituttet der fleirtallet av publikasjonene er på norsk. Tala viser likevel berre den prosentvise fordelinga av publikasjonsspråk. Institutt for datateknologi publiserte i 2019 ti gongar så mykje som institutt for byggfag, så det relativt høge talet på norske publikasjonar ved institutt for byggfag, utgjer ein relativt liten del av det totale talet på publikasjonar ved fakultetet.

Diagram 18 – Alle publikasjoner i 2019 ved FIN




Alle publikasjonar i 2019 ved FLKI

Tala i diagram 19 viser at to av fire institutt ved FLKI har ei overvekt av publikasjonar på norsk.

Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking skil seg ut med ein høg prosentdel publisering på engelsk, og dette stemmer godt med funna i pensumlitteratur og undervisningsspråk.


Diagram 19 – Alle publikasjonar i 2019 ved FLKI



Alle publikasjonar i 2019 ved FØS

Tala i diagram 20 viser at alle institutta ved FØS publiserer meir på engelsk enn på norsk. Institutt for samfunnsvitskap har det høgaste talet på norske publikasjonar, der i underkant av halvparten av publikasjonane er på norsk. Institutt for økonomi og administrasjon er det instituttet som både publiserer mest, og har høgaste prosentvise delen av engelske publikasjonar.

Diagram 20 – Alle publikasjonar i 2019 ved FØS



Oppsummering

Undersøkinga viser at tre av fire fakultet ved HVL publisert meir på engelsk enn på norsk i 2019. FLKI skil seg ut, ved at dei har fleire publikasjonar på norsk enn på engelsk. FIN har vel 90 prosent av alle publikasjonane sine på engelsk, og er med det fakultetet med høgast prosentdel av publisering på engelsk.

Avslutning og vidare arbeid

Høgskulen på Vestlandet blir ein stadig meir internasjonal institusjon, når det gjeld alt frå rekruttering av tilsette og studentar, til publisering, utdanning og forskningssamarbeid.

Ein viktig ambisjon for høgskulen er å bli det nye profesjons- og arbeidslivsretta universitetet på Vestlandet innan 2023. For å nå dette målet, må HVL mellom anna nå krav om høg internasjonal kvalitet, som inneber mellom anna auka publisering, ekstern finansiering og internasjonalt samarbeid.

Som nemnt i innleiinga til rapporten, vedtok høgskulestyret i 2018 språkpolitiske retningslinjer for høgskulen, der parallellspråkbruk står sentralt. I innstillinga til retningslinjene skriv arbeidsgruppa som utarbeida retningslinjene at

vi må sikre norsk som hovudspråket vårt. Samtidig må vi stimulere til at både tilsette og studentar får ein god og solid kompetanse i engelsk. Vi ønskjer òg at internasjonale studentar og tilsette skal få rimeleg gode kunnskapar i norsk. Dette er sentrale språkpolitiske utfordringar som også Høgskulen på Vestlandet må ta inn over seg¹³.

Ut i frå talmaterialet som er lagt fram i denne rapporten, er det tydeleg at HVL på noverande tidspunkt har ei klar overvekt av norsk som undervisningsspråk og språk i pensumlitteratur. Publiseringa ved HVL går derimot stort sett for seg på engelsk, slik ein på førehand kanskje kunne forvente av ein institusjon som har som målsetting å bli universitet. Formidling av forskning i vitenskaplege publikasjonar vil i mange tilfelle måtte vere på engelsk, men samstundes er det viktig å sikre formidlinga på norsk, både til studentar og samfunnet elles. I dei språkpolitiske retningslinjene heiter det at «fagfolk/forskarar ved HVL skal oppmuntrast til å arbeide med å utvikle og utarbeide norsk terminologi innanfor sine akademiske felt, og å kommunisere demme til studentane og til ålmenta. Forskarar skal òg oppmuntrast til å omsetje utanlandske verk/arbeid og faglitteratur til norsk».

Ut i frå undersøkingane av pensumlitteraturen kan ein seie at HVL samla sett arbeider i tråd med dei språkpolitiske retningslinjene, som seier at «HVL skal ta på seg eit særleg ansvar for at studentane ved høgskulen skal lære seg og kunne ta i bruk god norsk fagterminologi på dei fagområda høgskulen gjev undervisning i».

¹³ <https://www.hvl.no/contentassets/c324ebb8c3f2457184703f961f64d726/sprakpolitiske-retningslinjer-hvl---innstilling-fra-arbeidsgruppa---.pdf>

I dei språkpolitiske retningslinjene til HVL står det også at det vesentlege av undervisninga på bachelor- og masternivå ved HVL skal vere på norsk. For HVL samla blir denne forventinga oppfylt, men for studentar ved dei institutta med svært mykje undervisning på engelsk, vil dei truleg kunne fullføre studia sine utan å ha fått «ein vesentleg del» av undervisninga på norsk.

Arbeidsgruppa kjenner ikkje til bakgrunnen for språkvala som er tatt på dei ulike fakulteta og institutta, og kor bevisste desse vala har vore. Vi veit ikkje om det ligg konkrete planar bak dei tala som er lagt fram i rapporten, eller om dette er ei utvikling som har skjedd naturleg. Arbeidsgruppa vil likevel trekke fram at ein innan fagområda med den høgste graden av engelsk pensumlitteratur og undervisningsspråk, på sikt kan få ei mogleg utfordring med å bevare og utvikle norsk fagterminologi utan at ein til dømes brukar norske læreverk, relevant forskingslitteratur og termar i undervisninga. Samstundes er det ikkje eit mål at studentane berre skal møte norsk pensumlitteratur. Både akademia og arbeidslivet blir i stadig aukande grad internasjonalsert, og det er difor viktig at studia ved HVL også har ein internasjonal dimensjon.

For å sikre norsk som eit fullferdig arbeidsspråk, også i UH-sektoren, er ein avhengig av å ha ei bevisst haldning, og gjerne ein strategi, for å sørge for at dette skjer. Tanken bak parallellspråkstrategien er, som tidlegare nemnt at «norsk og engelsk må kunna brukast side om side, men slik at norsk blir verande det føretrekte språket. Norsk skal då brukast dersom det ikkje er nødvendig eller formålstenleg å bruka engelsk i staden»¹⁴. Altså: bruk norsk når du kan, engelsk når du må.

Det kan vere naturleg at dei ulike fakulteta ved HVL gjer sine eigne vurderingar når det gjeld parallellspråkbruk, sidan det er der kunnskapen om aktuelle behov og utfordringar ligg. HVL sin språkstrategi vil nødvendigvis vere på eit overordna nivå, og ein er difor avhengig av at det blir gjort vurderingar som er tilpassa dei ulike fagmiljøa, fakulteta og institutta.

Denne rapporten er eit første forsøk på å undersøke parallellspråktilstanden ved HVL. Arbeidsgruppa har gjort fleire avgrensingar undervegs, noko som gjer at det er mange sider ved (parallell-) språkbruken som ikkje har blitt belyst i denne omgang. Arbeidsgruppa har til dømes ikkje hatt høve til å sjå nærare på eventuelle forskjellar i språkvala i undervisning og pensumlitteratur på bachelor-, master-, og ph.d.-nivå. Det same gjeld for dei største profesjonsutdanningane som kjenneteiknar HVL – kva er situasjonen for desse? Rapporten bygger på tal som er henta frå HVL sine register. Seinare undersøkingar kan gjerne også til dømes omfatte spørjeundersøkingar, der ein har moglegheit til å spisse spørsmåla meir etter det ein ønsker å belyse. Det vil også kunne vere aktuelt med jamlege undersøkingar, slik at ein kan sjå på utviklinga over tid.

¹⁴ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-35-2007-2008-/id519923/?ch=1>

Dette arbeidet har vore eit nybrottsarbeid for HVL, og for arbeidsgruppa. Vi håpar at kunnskapsgrunnlaget kan vere eit nyttig dokument som høgskulen kan gjere seg nytte av. Arbeidsgruppa meiner at det også ville vore interessant med meir kunnskap på dette området i sektoren generelt. Dette vil kunne gi eit grunnlag for å kunne samanlikne parallellspråkbruken ved ulike institusjonar, noko som kan gi eit enda meir utfyllande bilete av språksituasjonen i akademia, både no og framover.